



Samferdselsdepartementet

[postmottak@sd.dep.no](mailto:postmottak@sd.dep.no)

## **Uttale vedr. krav om nasjonal rassikringsplan inn i NTP 2022 - 2033**

Vegnettet i Norge skal vera trygt å ferdast på. Det er ei overordna målsetjing som vi alle kan stilla oss bak. Status er likevel at i mange område er folk særstak utrygge med å køyra langs vegane når værtihøva gjer at rasfaren aukar. Skuleborn og arbeidsreisande må ofte vurdera om ein vil utsetja seg for den risiko det er å køyra gjennom rasfarlege område. Slik utryggheit og den psykiske påkjenning dette medførar bør ingen oppleva ved å ferdast på vegane i landet vårt.

Nasjonal rassikringsgruppe har lagt fram i liste som viser at det krevst 51 mrd over 12 år for å rassikra riks- og fylkesvegane i Norge.

Dette utgjer mindre enn 5% av NTP og Hardangerrådet vil på det sterkeste oppmoda alle politiske parti om å støtta prioriteringa av rassikring som høgste prioritet i ny NTP 2022 - 2033. Nokre politiske fylkesparti har alt gjort vedtak om støtte til rassikring som første prioritet i ny NTP.

Ein samordna rassikringsplan bør få tilslutnad frå alle parti på Stortinget. Kravet til å kunne ferdast trygt ift. rasrisiko på det offentlege vegnettet i Norge burde vore sjølvsagt.

De syner seg imidlertid at løyingane til rassikringstiltak ikkje på nokon måte har vore tilstrekkelege og at det no er høgst påkrevd at ein i den nye NTP set av 51 mrd til ein samla rassikringsplan slik at naudsynte rassikringstiltak kan koma igang og gjennomførast i den komande 12-års NTP-perioden

Særleg i Hardanger har utfordringane med rasfare vore store. Hardangerrådet oppmodar alle politiske parti på Stortinget om å ta rassikring på alvor og få ein heilskapleg nasjonal rassikringsplan inn i NTP 2022 - 2033 med høgaste prioritet.

Kinsarvik 10.05.2019

Jostein Eitheim  
Dagleg leiar i Hardangerrådet iks.  
Hardangerrådet iks signerar digitalt